

Ny leiarduo i Sunnmøre Indremisjon

Johan Halsne vert krinsleiar og Harry Valderhaug går inn i ny-etablert stilling som administrasjonsrådgjevar.

Tekst: Villhelm Viksøy/Karl Arne Austnes
Foto: Privat

Den nye leiarduoen tar til 1. januar. Halsne er tilsett i full stilling som krinsleiar, men vil i fyrste omgang bli leigd ut til ImF og Si-REISER i 40 prosent. Valderhaug si stilling som administrasjonsrådgjevar er ei prosjektstilling i inntil 50 prosent. Dei to tar over stillinga etter Karl Arne Austnes som etter fem og eit halvt år har vald å gje seg som krinsleiar.

– Johan Halsne sitt namn dukka tidleg opp i denne prosessen. At han no har svara ja, er vi svært takksame for. Vi trur at han og Harry Valderhaug vil utgjera eit godt og framtidsretta leiarteam, seier Hallvard Emblemsvåg, krinsformann i Sunnmøre Indremisjon.

Johan Halsne er i dag forkynnar og prosjektmedarbeidar i Indremisjonsforbundet. Her har han mellom vore arkitekten bak song-konseptet Singing in the City. Han kjem frå Halsnøy i Ryfylket, er gift med Aud Halsne (dagleg leiar i Si-REISER) og dei har 3 born i alderen 21 - 28 år. Han er og tidlegare sauebonde og er aktiv i politikken.

Johan Halsne er også godt kjent på Sunnmøre frå før. – Han kjenner området, han kjenner distriktet

og han kjenner folket. Han har forkynnarerfaring, gode strategiske evner og erfaring frå ulike prosjekt og arrangement, seier Emblemsvåg.

Med seg i leiarteamet får han Harry Valderhaug i ei nyoppretta stilling som administrasjonsrådgjevar.

– Dette er ei nødvendig satsing vi har hatt ynskje om lenge, men ikkje fått på plass. Difor er med svært glade for at Harry Valderhaug har sagt ja, seier formann Hallvard Emblemsvåg

Harry Valderhaug er 49 år, kjem frå Valderøy, er gift med Heidi og dei har fire jenter i alderen 10-21 år. Han er aktiv på bedehuset på Valderøy der han er styreleiar i den lokale indremisjonsforeininga. Han har vore politisk aktiv sidan 1995 og er i dag gruppeleiar for KrF. I motsetning til Halsne har ikkje Valderhaug noko fartstid som tilsett i misjonen, men har i 20 år drive sitt eige firma med rådgjeving innan finans og forsikring.

– Eg kjenner meg stolt og kry på ein god måte. Desse to kjenner kvarandre frå før og vil utfylle kvarandre. Saman med resten av staben, er vi no godt rusta for å møte framtida, seier Emblemsvåg.


For meir informasjon om den nye leiarduoen, sjå nettsida vår: www.sim-imf.no



Johan Halsne, ny krinsleiar.



Harry Valderhaug, administrasjonsrådgjevar.



Karl Arne Austnes
Kransleiar Sunnmøre
Indremisjon

Takk for tillit og teneste

Når eg no er på vekslingsida og klar til å gje stafettspinnen til nye leiarar vil eg gjerne takke. Takk for den tilliten de viste då eg fekk kallet til å gå inn i leiaroppgåva. Det var aldri i mine tankar å få ei slik oppgåve og eg er takksam til alle i heile bevegelsen Sunnmøre Indremisjon for at de har tatt så godt imot meg desse åra.

Det er godt å kunne slutte utan bitre eller vonde kjensler, men berre med takksemnd. Årsaka til oppseiinga er at det ikkje var muleg å bruke nok tid og krefter på alle dei oppgåvene eg hadde ansvar for. Og sidan det er uråd for meg å gå inn i ei større stilling, er det betre å overlate oppgåvene til andre. Kallet til å vitne om Jesus og vere med å bygge indremisjon står ved lag, det er oppgåvene som blir annleis framover.

Sunnmøre Indremisjon er den av kransane i ImF som har størst breidde i oppgåver og drift. Med tre skular (den fjerde under utvikling), ein barnehage, to leirstadar, nærradio, gravferdsbyrå, sjelesorgsenter og Si-REISER (største eigar med om lag 40 %) og sist, men ikkje minst forkynnarverksemda, seier det seg sjølv at oppgåvene er mange. «Til lags åt alle kan ingen gjera» seier Ivar Aasen og det gjeld for den som har leiaroppgåver i indremisjonen også. Det kan av og til samanliknast med å bere staur, det sprikar lett til mange kantar. Dette har eg opplevd

og derfor vore bevisst på at ein ikkje kan gjere alle like nøgd. Den viktigaste oppgåva for ein leiar vil alltid vere å stake ut ein kurs og ein veg for arbeidet, men det er ikkje råd å få alle like heilhjarta med på den vegen. Eg vonar at det har vore tydeleg kvar eg meiner den vegen går. Eg har prøvd å halde oppdraget vårt i fokus, å forkynne evangeliet for folket på Sunnmøre. Ikkje minst å nå nye menneske med den glade budskapet om evig liv i Jesus Kristus. Difor er den neste generasjonen alltid den viktigaste. Og forankringa har vi i rotene våre, i ein usvikeleg tillit til Guds ord og i radikalt liv. Vi må stå fast i lære og endre på arbeidsmåtene slik at arbeidet er tilpassa den tida vi lever i.

Indremisjon er alltid meir enn den lokale forsamling, vi har eit felles kall om å vinne folket på Sunnmøre med evangeliet. Og arbeidet på bedehuset er meir enn indremisjonen. Som ein av dei store høvdingane våre, Hans Sandvoll, sa det: «Bygg venesamfunnet på bedehuset og fullfør verdsmissjonen». I dette perspektivet har eg prøvd å utføre mitt arbeid og vonar at arbeidet i Sunnmøre Indremisjon fortsatt vil bli.

Eg ynskjer Johan og Harry lukke til og ber om Guds signing i tenesta til dykk alle!

«Indremisjon er alltid meir enn den lokale forsamling, vi har eit felles kall om å vinne folket på Sunnmøre med evangeliet»

ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

Heimemisjoen
Redaktør: Karl Arne Austnes
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70
Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
E-post: sunnmøre@imf.no
Internett: www.imf.no/sunnmore
Ung Misjon: www.ungmisjon.no

Brusdalsheimen
Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255

Orreneset Misjonscenter
Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211

Daggry barnehage
Telefon: 70 18 24 97
Bankgiro: 3000.21.36682

Borgund Folkehøgskule
Telefon: 70 17 76 00
Bankgiro: 8220.002.20788

Møre Ungdomsskule
Telefon: 70 17 66 70
Bankgiro: 8220.02.80287

Møre Ungd.skule Herøy
Telefon: 70 08 05 50
Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået Sunnmøre A/S
Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56

Si-Reiser AS
Telefon: 70 17 90 00
www.si-reiser.no

Radio Sentrum
Telefon: 70 15 41 00
Bankgiro: 3900.21.10311
www.radiosentrum.no

Vi vil Indremisjon

Sunnmøre Indremisjon er tufta på truande enkeltpersonar som er tent i brann for å dela evangeliet med naboar og sambygdingar. Nærmisjon i praksis er eit ynskje, og eit mål i seg sjølv. Vi fortset å spørje medsøsknen rundt om i kretsen kva dei tenker om nokre konkrete spørsmål.

1. Kva ser du som den største utfordringa for kristne i Norge i dag?
2. Kva moglegheiter har vi som kristne i Norge, og enda til på Sunnmøre?
3. Kva tenkjer du Sunnmøre Indremisjon kan gjere i møte med dette?
4. Kva brenn du for?
5. Kva betyr Jesus for deg?

Sigrid Bringe Thue, Åheim

Sigrid er ein av tre som har ansvar for det meste av både praktisk og åndeleg rundt arbeidet på Åheim. Ho og mannen driv bl.a. Ope Hus, eit tilbod for ungdommane i nærmiljøet fredagskveldane.

1. Dei fleste i Norge har det så godt at dei ikkje ser at dei treng Jesus. Så utfordringa vår er å få fleire med til himmelen!
2. Det viktigaste, trur eg, er å vera «kvardagskristen». Det vil seia at me er lys og salt for dei me omgåast i jobb, skule og fritid samt byggjer relasjonar med ufrelste og gjennom det får me høve til å fortelja dei om Jesus. Leiar og ungdomsarbeid er svært viktig.

3. Samtalegrupper der frelste/ufrelste kan koma saman kan vera ein veg å gå, samt gateevangelisering/møte. Eg trur også at Sunnmøre Indremisjon bør engasjera fleire folk i store Indremisjons-menigheiter rundt Ålesund, er sikker på at det mange ressurspersonar der.

4. Eg brenn mest for å forkynna evangeliet om Jesus til barn/unge. Denne aldersgruppa meiner eg er mest mottakeleg for budskapet om Jesus.

5. Jesus betyr livet for meg. Uten Han er livet uten mening.

Helsar med: «Alt maktar eg i Han som gjer meg sterk» Fil 4,13

Tusen takk til støttespelarane våre

Sunnmøre
Indremisjon
ønskjer alle
sine lesarar

ei velsigna
God Jul
og
eit fredfylt
Nyttår!



”Og Ordet vart kjøt og tok bustad hjå oss, og vi såg herlegdomen hans, ein herlegdom lik den ein boren Son har frå Far sin, full av nåde og sanning” Joh. 1,14.

Våre avdelingar sender også sine
jule- og nyttårshelsingar:

Brusdalsheimen
Orreneset Misjonscenter
Radio Sentrum
Daggry Barnehage
Borgund Folkehøgskule
Møre ungdomsskule
Møre barne- og ungdomsskule
Si-REISER AS
Begravelsesbyrået Sunnmøre AS

Takk til kvar enkelt som er med
og støtter arbeidet vårt!

Ny dagleg leiar i radio sentrum



Ragnhild Kristine V. Espelund

Ragnhild Kristine Vartdal Espelund er tilsett som ny dagleg leiar i Radio Sentrum frå 1. februar 2015

Tekst: Karl Arne Austnesw
Foto: Privat

Ragnhild Kristine er 34 år, gift, har to barn og bur på Ellingsøy. Ho har lang erfaring med radio og som journalist innan både tekst, lyd og bilde, og har leiarerfaring. Utdanninga si har ho i frå Mediehøgskolen Gimlekollen og frå Universitetet i Agder. Ho har arbeidd 8 år i Norea Mediemisjon, som programprodusent og tildels i informasjonsavdelinga, og er for tida redaksjonssjef i Øyeblikk.

Tidlegare har Ragnhild Kristine vore eitt år som barne- og ungdomsarbeidar i Sunnmøre

Indremisjon, i samband med sitt andre år på Bildøy Bibelskule. Ho tek over som dagleg leiar etter Oddveig Molnes som vert pensjonist frå 1. mars 2015.

Vi er svært taknemlege for å få Ragnhild Kristine med på laget. Med den breie erfaringa ho har og med dei store omveltingane som skjer på mediafronten for tida med digitalisering av radioen, med nye plattformer for informasjon som facebook, twitter og instagram, får ho eit overordna ansvar som medialeiar i Sunnmøre Indremisjon. Saman med krinsleiinga og dei andre tilsette får Ragnhild ansvar for at vi utnytter alle dei kanalar vi kan for å forkynne den gode budskapet om frelse i Jesus Kristus til folket på Sunnmøre.

Refuel Tennfjord

Det er for tiden en del fokus på å starte nye lag.

Tekst: Eivind Landro
Foto: Ingrid Steinshamm

ImF-ung har i sin strategi et mål at det skal være 450 levedyktige lag i 2020, mens det i 2013 var 356 lag. Da er det gledelig å kunne skrive om et nytt lag her på Sunnmøre.

På Tennfjord bedehus har de nemlig startet ett nytt ungdomslag som heter Refuel.

Det startet opp nå i høst og samler mellom 20-30 ungdommer annenhver lørdag, og på det meste har de vært 44 ungdommer! Bakgrunnen for at det ble startet var at det ikke var noe tilbud på bedehuset når barna var ferdige med 7. klasse. Så derfor ble Refuel startet nå i høst, og det har vært en veldig positiv start. Ikke bare er det mange ungdommer som kommer, men de er også 11 ledere som deler på oppgavene. Dermed er det flere å spille på og mindre belastning på hver leder.

Hver samling er det andakt og sang, kiosk, aktiviteter og også en avslutning der de ofte ser en liten andakt fra preik.tv. Det er med andre ord et gjennomtenkt opplegg som fungerer bra!

Vi i Ung Misjon er veldig glade for Refuel og håper at de kan inspirere andre til å starte et nytt lag slik at flere får høre om Jesus! Dersom du har lyst å høre talene og seminarene så blir de lagt ut på podcasten vår etter Pit-Stop.

KRINSNYTT

GF ImF 2016 på Borgund Fhsk

På krinsstyremøte 24. november takka vi ja til å vere vertskap for generalforsamlinga til ImF i 2016. Endeleg dato er ikkje klarlagt, men stemnet blir i veke 30. Dette blir første gongen vi får eit slikt storstemne i den nye Borghallen og vi gler oss til å invitere ImF'arar frå heile landet til Sunnmøre. Sett av datoen i kalenderen alt no, dette blir ei storhending alle må få med seg. Mange praktiske oppgaver, men først og fremst ei moglieheit til å sveise oss saman som misjonsfolk.

Leirstadinnsamling

I år vart det ikkje billotteri til inntekt for Brusdalsheimen og Orreneset Misjonssenter. Desse inntektene har ofte vore avgjerande for at sentra våre har kome i økonomisk ballanse. Som erstatning for lotteriet vart det sendt ut ei oppmoding til alle tingarar av Heimemisjon (ca. 1.300) om å vere med å erstatte tapet av lotterimidlane. Vi hadde vona å få inn min. 400.000,- kr. I skrivande stund manglar det mykje på dette. Siste oversikt viser at det har kome inn ca. 200.000,-. Det hadde vore godt om du kunne vere med her og løyse ei svært viktig sak. Takk for di hjelp – og Guds signing.

Permisjon leirkonsulent

Krinsstyret har godkjent permisjonssøknad frå Rannveig A. Nybø. Ho har søkt om eit års permisjon frå 1. januar 2015. Rannveig har gjort ein svært god innsats som leirkonsulent og vi kjem til å sakne henne. Hennar jobb er ein av dei mest krevjande vi har, det kan vere vanskeleg å skaffe leiarar og talarar til alle leirane våre. Takk til Rannveig og takk til alle som bruker av fritida si i dette viktige arbeidet. Tenk over om ikkje du kan vere leiar på ein av leirane våre neste år og ta kontakt med Ung Misjon. Vi ynskjer Rannveig lukke til i nye oppgaver og velkomen tilbake!

MELD DEG PÅ I DAG!



Orreneset Misjonssenter



WinterGames
6.-8.februar

Påmelding:
www.ungmisjon.no

Strandafjellet og Fjellsetra på sitt **BESTE!**



Mathias & Pernille
BarneGospelFestival
24.-25.januar 2015
Brusdalsheimen

- Syng med Mathias og Pernille Fjalseth!!
- Bli inspirert
- Lær nye songar
- Opptre med det store Barnegospelkoret på Spjelkavik Bedehus 25.januar kl 15.00.

Går du ikkje i barnekor, men liker å syngje? Bli med!
Leder du eit barnekor og ønskjer å få ny inspirasjon? Bli med!
Alle barnekor på Sunnmøre kan vere med!

Info/ Påmelding:
Sunnmøre Indremisjon
sunnmøre@imf.no / 70 17 86 70
Påmeldingsfrist: 5. januar

www.ungmisjon.no

MANNSHELG

BRUSDALSHEIMEN

16. - 17. januar



Taler: Svein Granerud
Song av Robert Tjomlid og Valderøykvartetten

Ta kontakt for påmelding og program!

Arrangører: Sunnmøre Indremisjon og Normisjon